

Påskemøter på Sjøholt



Talarar og leiingar ved påskemøtet på Sjøholt: frå v. Sarah og David Åstrøm, Helge Dimmen, Erik Furnes, Arild Ove Halås og Randi Fagerhol Lauvås

«Dette må bli ein tradisjon!», fekk vi ofte høyre under påskemøta som var på Sjøholt folkehøgskule denne påska.

Denne nye skulen i «indre strøk» var ein perfekt plass til å samlast om påskebodskapen. Folk frå begge sider av Ørskogfjellet var å sjå. Det var oppmuntrande at så mykje folk ville setje kvarandre stemme i påska.

Frå skjærtorsdag til påskeafta var det lagt opp til bibeltime på ettermiddag og kveldsmøte. Mange nytta også høvet til å kjøpe kveldsmat mellom samlingane. Hotellstandard på den!

Erik Furnes hadde bibeltimane. Han tok utgangspunkt i 2.Kor.4-5 og snakka m.a. om å leve i Guds plan. Vi er «eit kar» som har den hensikten at det skal innehalde noko. La Gud vere i oss! På dei to første kveldsmøta var det Arild Ova

Halås som talte. Han teikna eit fint bilde av Tomas, og snakka om Jesus som seierherre ut frå Kol.2,14-15.

På påskeafta var det lagt opp til «Påska i ord og tonar». Randi Fagerhol Lauvås las dikt og bibelvers, fint knytt saman med god allsong. Arild-Ove hadde ein sterk og innbydande apell om Jesus som møtte Peter etter oppstoda.

Songen hadde ein sentral plass på alle møta. Vi hadde besøk av

det svenske ekteparet Sarah og David Åstrøm heile påska. Mange kjende dei frå tidlegare besøk på Sunnmøre, men for dei fleste var dei nok ukjende. Det var godt å høyre både songen og deira sterke vitnesbyrd.



/// Tekst: Helge Dimmen

/// Foto: Gudrun Longva

Nåde eller nådeløs?



Johan Halsne

Krinsleiar

ImF Sunnmøre

Vi er i tiden mellom Jesus oppstandelse og hans himmelfart. I disse 40 dager lesar vi i Bibelen om møter Jesus hadde med sine disipler og etterfølgere. Dette var alle personer som hadde kjent Jesus før hans død, vært vitner til hans lidelse og død, og nå etter oppstandelsen fikk gleden av å møte han som den som seiret over død og grav.

Der er for oss viktig lærdom i å noye studere hvordan Jesus møtte de forskjellige personer, både for vår egen del, og ikke minst hvordan vi møter andre personer både privat og de vi møter i våre forsamlinger.

De møter vi lesar om omhandler en sorgende Maria ved graven, to skuffa Emmausvandrere, redde disipler som har lukket seg inne på øvresalen, et møte med Peter som der kun refereres til og som vi ikke kjenner innhold av, det offentlige møte med Peter oppe ved Genesaretsjøen, Tomas som ikke ville eller kunne tro uten å få se og kjenne og møter med disiplene som et felleskap.

Felles for de fleste av de personer Jesus møtte etter sin oppstandelse var at de hadde opplevelser vi kan kjenne oss igjen i.

Her finner vi opplevelse av sorg, tap, svik, frykt og tvil. Hvordan løser vi slike ting i egne liv og ikke minst i møte med andre? Ser vi rundt oss i samfunnslivet er

vi ofte vitner til situasjoner der det blir vist ingen nåde når personer feiler på den ene eller andre måten. Er det slik vi og våre felleskap møter våre medvandrere (og oss selv) når ting går i stykker?

I løpet av de førti dagene Jesus var sammen med sine etter oppstandelsen, modellerer han for oss hvordan vi er kalt til å møte medvandrere og opptre i et felleskap der ting kan være litt krevende.

“Jeg ønsker å kunne møte medmennesker og felleskap med utfordringer slik Jesus lærer oss.”

Jesus gjemmer ikke ting under teppet, han er sann om situasjonen disiplene er i, enten det gjelder frykt, svik, sorg eller tvil. MEN han gjør noe mer! Alt av ord og handling er gjennomsyret av nåde og omsorg! Jeg ønsker å kunne møte medmennesker og felleskap med utfordringer slik Jesus lærer oss.

Et møte som ikke legger stein til en byrde, eskalerer en utfordrende situasjon, men kan vise både nåde og omsorg. Da vil sorg kunne bli vendt til glede, frykt til fred, tvil til tro og nederlag til ny begynnelse.

La oss alle være med å fremme samfunn og felleskap som har nåde som varemerke, der det er rom for å feile og miljø for oppreisning!

ORGAN FOR IMF SUNNMØRE

Krinsleiar ImF Sunnmøre

Johan Halsne

Heimemisjonen

Redaktør: Johan Halsne
Postboks 7836 Spjelkavik,
6022 Ålesund
Tlf. 70 17 86 70

Fax. 70 17 86 69

Bankgiro: 3000.15.31235

E-post: sunnmøre@imf.no

Internett: www.imfsunnmøre.no

ImF-UNG Sunnmøre

imfung-sunnmore.no

Brusdalsheimen

Telefon: 70 27 45 53

Bankgiro 3900.31.17255

Orreneset Misjonssenter

Telefon: 70 25 07 56

Bankgiro: 4045.07.07211

Daggry barnehage

Telefon: 70 18 24 97

Bankgiro: 3000.21.36682

Ålesund Folkehøgskule

Telefon: 70 17 76 00

Bankgiro: 8220.02.20788

Møre barne- og ungdomsskule Ålesund

Telefon: 70 17 66 70

Bankgiro: 8220.02.80287

Møre barne- og ungdomsskule Skodje

Telefon: 71 70 70 51

Bankgiro: 3000.32.36796

Møre barne- og ungdomsskule Herøy

Telefon: 70 08 05 50

Bankgiro: 3000.18.45655

Begravelsesbyrået Sunnmøre A/S

Telefon: 70 17 86 60

Vakttelefon: 90 86 38 56

Plussreiser AS

post@plussreiser.no

Telefon: 70 17 90 00

www.plussreiser.no

Radio Sunnmøre

Telefon: 70 15 41 00

Bankgiro: 3900.21.10311

www.radiosunnmore.no

Lagsbesøk på Nordøyane:

Trufast frammøte av leiarar og born



Annbjørg Hellevik og Sølvi Kjerstad saman med barneforeninga på Lepsøya.



Frøya, Amalie, Molly og Maja trives godt på ving på Haramsøya.



Tom Christensen Anita Myklebus Ulla og på Haramsøya.

Annankvar tirsdag i over 40 år har Annbjørg Hellevik hatt barneforening og tirsdagsklubb på bedehuset på Lepsøya. Nesten like lenge har Sølvi Kjerstad også vore med.

Omlag alle borna som har vakse opp på øya dei siste 40 åra har vore innom bedehuset tirsdagane. Ein flott gjeng med barn møter trufast opp også i år. Det er andakt, utlodning og lek. Og vi må ikkje gløyme sangen!! Sølvi tek fram gitaren, og barna syng godt med. Det er ei glede å vere der å høyre dei synge.

TAKK Annbjørg og Sølvi for at dokke har stått på og gitt evangeliet til barna og dei unge der ute alle desse åra.

Onsdager er det Ving på Austnes bedehus på Haramsøya. Det blei starta opp i 1989, og Anita Myklebus Ulla og Tom Christensen har vore med heile tida.

Dei deler seg i ulike grupper. Formingsgruppa held til på loftet, der Anita har laga til eit flott hobbyrom. Bordtennisgruppe er i kjelleren i heimen til Tom. Der har dei også ei matgruppe på kjøkkenet saman med kona Sølvi.

Er det mange på Ving, har dei også mat og bordtennis gruppe på bedehuset. Til vanleg kjem det ca 30 barn, men etter koronaen har det vore litt færre.

TAKK for at dokke fortsatt driv vingarbeid, Anita og Tom og hjelperane dokka. Kanskje desse trufaste leiarane på Nordøyane kan vere med å inspirere andre til fortsatt å stå på i barne og ungdomsarbeidet.

VI VIL GÅ VIDERE MED JESUS, FLEIRE MÅ BLI KJENT MED HAN!!

////// **Tekst & foto:** Hilde Ørskov Løvli Brodal

KOMANDE LEIRAR & STEVNE

BRUSDALSHEIMEN

Sommerleir 1.-4. klasse, laurdag

18. juni

Jenteleir 4. - 7. klasse, 24.-26. juni

Gutteleir 5.- 8. klasse, 30.juni – 3. juli

For info og påmelding:

www.imfung-sunnmore.no

Eller tlf ImF Sunnmøre: 90745119

ORRENESET MISJONSSENTER

Orrenesstemne 21. august

Ledige hytter for sjølvhushald i juli
Kontakt Orreneset på tlf: 95179102

Hilda gjorde ein avtale med Gud



Hilda Augusta Hansen er fødd og oppvaksen på Frei på Nordmøre, men storparten av sitt liv har ho budd på Sunnmøre. Først i Ulsteinvik, så på Brusdalsheimen og dei siste 25 åra i Brattvåg.

Hilda si livshistorie er dramatisk allereie frå starten. Berre to veker gammal mista ho mor si (26) på barselseng. Då sat faren att med henne og broren Harry på eitt år l. Året etter gjekk også far bort, av tuberkulose, 32 år gamal. No vart det sterk dragkamp mellom det offentlege og besteforeldra om dei to små syskjena skulle plasserast i fosterheim. Men bestemor hadde lova far til Hilda på dødsleiet at ho skulle ta seg av borna. Og etter at det Hilda kalle «ein indremisjonshøvding» slo i bordet og sa at dette var rett, var det avgjort. Hilda og Harry fekk vekse opp hos bestemor Augusta og bestefar Ola som var blind. Men også broren Harry døydde tidleg. I ein alder av 17 år tapte han kampen mot tuberkulosen og diabetes, og slik kom endå ei sorg kom inn i

livet. Sjølv fekk Hilda diabetes som 18-åring, og har levd med det heile livet.

Så skjedde ei ulykke skulle forandre mykje. Den unge og livsglade Hilda ramla av ein hest og skada ryggen. Ho vart liggande til sengs på sjukehuset i tre månader.

- Då var eg sint på Gud. Likevel følte eg at han kalla på meg. Då lova eg at visst eg kunne få gå igjen, så ville eg gi livet mitt til han. Og eg fekk gå igjen, så når eg var 19 år vart eg ein personleg kristen, og har aldri angra på det, fortel Hilda.

I 1949 fekk Frei-jenta huspost i Ulsteinvik hos Hilma og Karl Sundgot. Ho treivst godt i jobben med barnepass og husarbeid. Seinare jobba ho også i butikken Sundgot & Co. Så kom kallet frå Sunnmøre Indremisjon og 1971 byrja ho som husmor på Brusdalsheimen. Denne tenesta hadde ho i 26 år, dei fleste av desse åra i «tospenn» med Gudrun Skjelten frå Brattvåg. Ho minnest med glede alle ungdommane som kom på leir og mange av dei som tok imot Jesus. -Ja, eg likte ungdommen

veldig godt, berre dei ikkje var alt for «røvete», ler Hilda.

Ho pensjonerte seg i 1997, men har likevel vore trufast tilbake og hjept til med praktiske oppgåver, både på kjøkkenet og ved å rulle dukar og arbeid. Og «kjøkkenjente» på pensjonistleir.

Men no er det Brattvåg som er heime. Kjennskapet og vennskapet med Gudrun Skjelten gav henne ein stor einn «ny familie», og mange gode og nære vener i bygda. Bedehuset er hennar åndelege heim. Dei fleste på Sunnmøre med tilknytning til Indremisjonen og spesielt Brusdalsheimen, kjenner Hilda. Mange lurer på korleis det går med henne. Det er godt å melde at Hilda er i fullt virke med lefebaking og bedhusarbeid, i ein alder av 93 år (9.mai) Bedehuset er hennar åndelege heim, og ho er stadig å finna på kjøkkenet både på formiddagstreff og under søndagens storsamling.

Det var ikkje få lefser ho bakte til basarhelga dette året. Det var både

til salg, utlodning og til kafeen. Ho bakar brød til alle smørbrøda på formiddagstreff. Det er mange som har sagt at ho treng ikkje gjere det, då er ho kjapp i replikken og spør med eit smil: -Kan eg ikkje få lov? Eg må ha noko å gjere på. Og ho vil ikkje ha noko oppstuss om det. Det er mange andre som gjer like mykje, meiner ho.

Ho er også ivrig med strikkepinne. Det er ikkje få plagg som blir produsert, der ho sit ved stoveglaset i loftsleilegheita si, gjerne med Radio Sunnmøre på full guffe. -Du skulle ikkje hatt deg ei leilegheit på ei flate då, Hilda?

- Nei, eg treng denne trimmen som trappa gir, skjønar du. Så smiler ho. Breitt. Både med munnen og augene. Det er slik ho er. Ho må vere i bevegelse. Halde avtalen. I takksemd til han som let henne få gå igjen – for 75 år sidan.

(Deler av intervjuet har stått i lokalavisa Nordre)

//// Tekst & foto: Gudrun Longva

Felleskap på fellesmøter

Bedehusa på øyane i Giske kommune, ImF Sunnmøre og Radio Sunnmøre gjekk 17. – 27. mars saman om fellesmøter i to veker.

Sjølv om covid 19 framleis gjorde det nødvendig med ein del restriksjonar, gjekk møta som planlagt, og frammøtet var det ingen ting å utsette på. Folk kom strøymande til Valderøy bedehus, ikkje berre frå nærliggande øyer, men også frå byen og bygdene rundt om.

Talarar første veka var Johan Halsne og Klaus Muff og andre veka Arild Ove Halås og Einar Nymoen. Alle fekk gitt mykje ut i frå Guds ord og med livsnær forkynning. Svært kort sagt handla det om kall til å overgi seg til Jesus og tene han, og om å leve eit oppreist liv saman med Jesus.

Songarane Sarah og David Åstrøm gledde forsamlinga med song og musikk begge vekene, og lokale krefter som Tor Rødset, Arnvid Brandal og koret Elkana var med. Heile tida var det gode forsongarar, musikantar og teknikarar som var med og gjorde arrangementet til ei god oppleving.

Matsservering og god tid til samtale i kjellarsalen, viste at folk sette pris på og kome saman. Møta vart også sendt på Radio Sunnmøre, og det var god lyttarrespons på møtesendingane. Ein sit igjen med ei utvida fellesskapskjensle etter to slike veker.

Bilde 1: Pastor Einar Nymoen
Bilde 2: Johan Halsne intervjuer Klaus Muff
Bilde 3: Sarah og David Åstrøm

////// **Tekst:** Gudrun Longva
////// **Foto:** Marita Nordgård Giske



Nytt om namn i ImF Sunnmøre

LEIARSKIFTE PÅ BRUSDALSHEIMEN

19. april tok Tetyana Grynyk til som dagleg leiar ved Brusdalsheimen. Tetyana er frå Ukraina og har sidan 1997 arbeidd i fleire periodar i Norge, mellom anna ved Ålesund Folkehøgskole (tidl. Borg).



Frå v. Tetyana Grynyk, Hilde og Arvid Lukkedal (foto: Gudrun Longva)

No har deler av storfamilien til Tetyana kome til Norge som flyktningar og bur f.t. på Emblem. Ektemannen Roma, som endå er att i Ukraina, skal også etter kvart ta til ved Brusdalsheimen.

Tetyana og Roma tek over etter Hilde og Arvid Lukkedal. Hilde skal vere på Brusdalsheimen i ei overgangsperiode, medan Arvid formelt slutta 1.august 2021. Tetyana Grynyk skal også vere leiar for Shøholt Sommarhotell ved den nye folkehøgskolen komande sommarsesong.

NY REKTOR VED MØRE SKODJE

Håkon Hovda er tilsett som ny rektor ved Møre Skodje frå 1. august.

Hovda tek over etter Ingrid Kvam Steinshamn som har vore rektor sidan skulen var ny.

Hovda har viakariert for henne siste året og har i tillegg rektor erfaring frå Vestborg Vidaregåande skule på Stranda. Hovda er frå Lesjaskog, han er 44 år, gift med Ingrid og

de har to søner, David som f.t. er i førstegangsteneste og Jonathan som skal byrje i fjerde klasse. Familien bur på Myrland i Ålesund saman med katten Milo.



Håkon Hovda (foto: Radio Sunnmøre)

ARILD-OVE BLIR PASTOR

Frå hausten 2022 går Arild-Ove Halås inn som pastor i 25 % stilling i Emblem Bedehusforsamling, etter spørsmål frå forsamlinga.

Halås fortsetter i Radio Sunnmøre i 50 % stilling (det same som han har no), kobinert med forekynnningararbeid

i ImF sunnmøre, pluss litt administrasjon.



Aril-Ove Halås

MARIE HELD FRAM

Marie Gudmestad fortsetter i ImF Ung Sunnmøre i 50% stilling som ungdomsarbeider til høsten, kombinert med 50 % stilling i Laget



Marie Gudmestad

Noko å gå på eller noko å reise på

Sommartid er reisetid, det same er hausten for mange. Og det er flust av tilbud for den som ynskjer å anten reise på stevne nært eller fjernt, eller på turar i inn og utland. Dei kristne avisene opererer med «Stevneguide» og gode skildringar. ImF Sunnmøre reklamere for gode reisemål, lokalt og langt borte.

Eldreleir på Brusdalsheimen 22.-25. august

For dei som likar kortreiste turar er dette eit godt seniortilbod. Astrid og Lars Reinlund talar og syng, og tema for samlingane er «Synene fra Patmos». Tirsdag blir det busstur til Nordøyane, over Lepsøybrua og den nye Nordøyvegen, som vart offisielt opna 18. desember. Fleire songkrefter tek del.

Info/ påmelding til Brusdalsheimen tlf 91517783



Tur til Røros med Radio Sunnmøre

Har du lyst å bli med Radio Sunnmøre på en sensommer-tur til Røros? Da kan du være med på busstur fra Ålesund fire dager, fra 22.-26. august. Randi Fagerhol Lauvås og Arild Ove Halås blir med som reiseledere og turpredikanter.

Det går buss fra Ålesund og på Dombås stopper vi å tar med de som

måtte komme med tog fra andre deler av landet. Turen går så videre til Røros hvor vi bor og ha vår base. Vi skal få oppleve flere guidede omvisninger, både i byen, i den store trekirka, i den nedlagte Olavsgruva og i hjemmet til dikteren Johan Falkberget.

På hjemveien skal vi også innom Alvdal og få et glimt inn i Kjell Aukrust sin vidunderlige verden.

Bibelferie i Albir i Spania 7.-14. september



Bli med på Plussreisertur med Gudrun Longva og Jens Petter Jørgensen til Spanias solkyst. Her blir det sol&bad, bibeltimer, utflukter og hyggelige kveldssamvær.

Sommartreff ved Ålesund folkehøgskole 11.-12. Juni



Stemnehelg med Aud Karin Kjølvik Ringvoll som talar. Aud Karin har vore bibelskolelærer ved Bildøy Bibelskole og hatt fleire stillingar i ImF sentralt. No er ho forsamlingsarbeider i Flekkerøy bedehusforsamling. Ho har også gitt ut boka «Du har fått nåde hos Gud». Aud Karin er engasjerande og sjelesørgerisk i si forkyning.

Som songarar / musikarar kjem Øklands. Det er ei vise/pogruppe frå Randaberg ved Stavanger, som

gjennom musikken formidlar ærlege tekster i fleire sjangrar, med proff musikk. Krinsen sine egne leiarar og tilsette tek også del. Velkommen til «årets ImF-happening» på Sunnmøre.

Laurdag er det festmøte kl 18, konsert kl 20.30 og mat i mellom møta. Søndag: Storsamling med eige opplegg for barna kl 12 og familiemøte kl 14.30 med salg av middag mellom møta.



BIBELFERIE

Bibelferie på Costa Blanca: Albir

Gudrun Longva & Jens Petter Jørgensen

7. - 14.
september

Bibelferie i Hardanger: Hotell Ullensvang

Klaus Muff, Johan Halsne, Sara og David Åstrøm, Marta Veivåg

16. - 20
oktober

OBERRAMMERSGAU

Oberammergau & Seefeld i Tyrol

Kari Standal & Helge Standal

5. - 12. juli
Aktiv tur

Spjelkavik menighet til Oberammergau

Tore Johan Øvstebø & Randi Stige Øvstebø

12. - 19. juli

Se flere turer på vår nettside plussreiser.no



70 17 90 00 // plussreiser.no



PLUSSTRISER
— mer enn ferie